



Miljøløftet

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg nr. 6
Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 01.03.2023

Sak 38/23 Bypakke Bergen: Vestland fylkeskommune ber om at eiga løyving til førebuande arbeid på Bybanen BT5 vert tilbakebetalt gjennom bompengar

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfylgning av møtet i styringsgruppa for Bypakke Bergen den 16. desember der *Behov for finansiering til forberedende arbeid av bybanens byggetrinn 5* vart handsama i sak 89/2022. I referatet heiter det at: *Styringsgruppen slutter seg til at det blir benyttet bompengar til planlegging, prosjektering og grunnerv for Bybanen BT5 til Åsane. Det kan benyttes inntil 102 mill. i 2023 og inntil 251 mill. i 2024.*

Fylkeskommunen løyvde hausten 2022 29 mill. av eigne midlar, for å sikra naudsynt oppstartsarbeid til Bybanen BT5 til Åsane. I saka (FUV 240/2022) heiter det mellom anna at: *For å sikre ei kontinuerleg utbygging, ein god gjennomføring og for å redusere risikoen i prosjektet har VLFK ved Bybanen Utbygging starta med å planlegge gjennomføringa av byggetrinn parallelt med innspel til reguleringsplanen. I samband med dette er det identifisert ein del førebuande arbeid som vil vera viktig å utføre tidleg i prosjektet, for å redusere risikoen i prosjektet og samtidig sikre så rask gjennomføring som mogleg. I tidlegare byggetrinn har også førebuande- og risikoreduserande arbeid blitt identifiserte og finansiert av VLFK. Dette har vore ein sterk og viktig bidragsytar til å mogleggjere at prosjektet har blitt gjennomført i høve til avtalt framdrift.*

Bybanen Utbygging opplyser at dei har nytta midlane i tråd med føringane i det politiske vedtaket. Størstedelen av midlane er knytt til grunnerv for å sikra riggareal (8 mill.) men det er også nytta midlar til førebuing for massehandtering, prosjektering, kontraktsførebuingar og personell- og driftskostnader.

Ettersom det førebuande arbeidet som er sett i verk er naudsynt prosjektarbeid, er det etter fylkeskommunen sitt syn naturleg at midlane inngår i dei samla prosjektkostnadane.

I referatet frå møtet i styringsgruppa for Bypakke Bergen den 16. desember heiter det at: *Fylkeskommunen har allerede bevilget noe midler til forberedende arbeid i 2022. Dersom*

utgifter som er påløpt i 2022 skal følge samme prinsipp, og heller dekkes av bompenger, må dette behandles i en egen sak.

Denne saka er difor ei presisering av fylkeskommunen sine forventningar om at dei 29 mill. i løyvde midlar til naudsynt oppstartsarbeid er ein del av dei samla prosjektkostnadane, og at dei skal finansierast gjennom bompengeuttak.

Prognosane for samla bompengeuttak i 2023 syner at det er knytt usikkerheit til fleire prosjekt, mellom anna Hjeltestadvegen og arbeid knytt til reguleringsplanen for Bybanen til Åsane. Det er viktig for fylkeskommunen at den samla bompenggjelda i Bypakke Bergen ikkje aukar. Difor ynskjer vi å rekvirera dei 29 mill. i bompengar anten mot slutten av 2023, dersom det er tilstrekkeleg midlar tilgjengeleg, eller tidleg i 2024.

Vestland fylkeskommune ber om at partane i styringsgruppa for Bypakke Bergen sluttar seg til ein slik prosess.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa for Bypakke Bergen sluttar seg til forslaget og at Vestland fylkeskommune dermed kan rekvirere bompengar pålydande 29 millionar kroner, for å dekke prosjektkostnadene til byggetrinn 5.